

Døme på skriveoppgåver knytt til serien «Rådebank»

1. Korleis vil du skildre ein «rånar», og kva tyder omgrepet rådebank? Skriv ein kort tekst.
2. Skriv ein tekst om korleis rånarmiljøet i filmen vert skildra. (venskap, jenter og gutar, alkohol, verdier, språk). Kva ser du på som positivt ved miljøet som vert skildra? Kva ser du på som negativt ved miljøet som vert skildra?
3. I filmen får du høyre mange ord og uttrykk som er karakteristisk for rånarmiljøet, som til dømes «å ture» eller «svi av eit dekk». Kan du finne andre ord og uttrykk og forklare kva dei tyder? Skriv ein tekst der du skildrar språket som er karakteristisk for rånarmiljøet. Samanlikn dernest språket i rånarmiljøet med ditt eige «ungdomsspråk». Kva for ord og uttrykk har du i ditt ungdomsspråk som skil seg frå til dømes foreldregenerasjonen eller besteforeldregenerasjonen sitt språk?
4. Vel ein av hovudpersonane i filmen (Glenn-Tore, Ina, Hege, Anders, Kim eller Malene), og skriv ein personkarakteristikk. Vil du seie at personen utviklar seg i løpet av serien? Grunngi svaret ditt med døme.
5. Vel deg ein episode eller ei scene i ein episode. Ta synsvinkelen til ein av personane som er med i episoden/scena, og skriv ei side i dagboka di om det som skjedde. Start teksten din med «Kjære dagbok».
6. Glenn-Tore har kjærleiksorg. Skriv en tekst der du skildrar korleis det påverkar han. Gi døme som underbyggjer det du skriv.

7. Kva ville du sagt til GT eller ein ven som har alvorleg kjærleiksorg? Skriv svaret ditt som ei lang melding som sendast via SMS eller Snap.

8. I episode 7 ser vi at ordføraren vil forby råning i Bø sentrum. Skriv eit lesarinnlegg til lokalavisa i Bø, der du argumenterer mot ordføraren som vil forby råning i sentrum. Underskriv innlegget med GT.

9. Ordet Rådebank viser til ein ulyd i motoren. Tar ein ikkje raskt hand om rådebank i motoren så vert det dyrt. Kva kan skje dersom vi ikkje snakkar om kjensler? Skriv ein tekst der du gjer samanhengen mellom rådebank og kjensler tydeleg.

10. Mot slutten av serien ser vi at venane og arbeidsgivaren spelar ei sentral rolle i livet til Glenn-Tore. Skriv ein tekst der du skildrar kva for betydning venane og arbeidsgivaren har, og underbygg det du skriv med døme frå serien.

11. Skriv ein omtale av serien

- Kva vil du si at denne serien handlar om?
- For kva aldersgruppe vil du seie at serien passer for?
- Kva kan serien lære oss?
- Likte du serien eller likte du han ikkje?
- Du kan bruke [Filmfront sin omtale](#) av «Rådebank» som modelltekst.